



– I Austerrike gjer dei heilt motsett av Norge. Her satsar dei nettopp på dei små og mellomstore bruka ute i bygdene, og stimulerer til mange slags typar drift, deriblant kulturelleterte. Tanken er mellom anna å byggja opp lokalsamfunn, sjølv om dei ligg i litt karrige fjellområde, som Austerrike til liks med oss har mange av. Satsinga får òg positive ringverknadar for reiselivet. I Norge har vi mykje kulturlandskap å tapa, og såleis mykje å læra av Austerrike, meiner ho.

– Trist og opprørande

I det vi takkar for oss og går ut på tunet, peikar Hellestveit på eit hus innreia som bustad vegg i vegg med henne, rett nedanfor stallen der dei to hestane hennar står.

– Her hadde mannen min kontor, og etter at han gjekk bort innreia vi det som bustad. I dag er det ledig, og då kommunen gjekk ut med at dei trong flyktningbustadar, tok eg kontakt. Kommunen takka nei, med meldinga om at vi bur for langt frå Husnes sentrum. Eg tykkjer det er trist og opprørande, med tanke på at behovet for buplassar til flyktningar berre aukar og aukar. I Ølve har vi ein god skule, god hei-



STILLE I FJØSEN: Sauene til Veronica Hellestveit er så nøgde med tilveret at dei knapt gir frå seg eit brek når ho kjem.

mesjuepleie, legekantor, tryggleik og ro. Med utdanninga mi kunne eg òg vore ein god ressurs for folk med ulike traumar, seier ho, med eit tydeleg stikk til sentraliseringspolitikken ho meiner har teke heilt overhand.

Sjølv er ho ikkje i tvil om at både ho og familien har eit godt liv på Fugleberg.

– Visst er vi ikkje i sentrum, og må difor planlegga litt annleis i høve til handling og

slike ting. Men her er vi heilt innpå naturen, på skiftingane av årstidene. Her ser vi haust bli til vinter, og vinter til vår. Her høyrer vi fuglane syngja om våren, høyrer hauststorkmane og regnet slå på vindauga når den mørke årstida kjem. Her er vi ein del av naturen, og få ting kan målast med det.

ELISABETH BERG HASS
elisabeth@kvinnheringen.no

Fakta ØKOLOGISK LANDBRUK:

- Byggjer på eit heilskapleg syn som omfattar både dei økologiske, økonomiske og sosiale sidene ved produksjonen.
- Målet er å skapa eit berekraftig og vedvarande agro-økosystem som er basert på mest mogleg lokale og fornybare ressursar. Økologiske produkt er framstilt utan bruk av lettlyseleg mineralgjødsel (kunstgjødsel) og utan bruk av kjemiske/syntetiske plantevernmidlar. Det betyr at næringsstoff blir tilført som organisk gjødsel, enten i form av husdyrgjødsel eller gjennom grøngjødsel og kompost. Kløver er motoren i økologisk landbruk då den har evna til å fiksera nitrogen frå lufta (biologisk nitrogenfiksering).
- Økologisk landbruk byggjer på føre var-prinsippet med grunngeving i at vi i dag ikkje kjenner til alle biverknadane ved bruken av kjemiske og syntetiske plantevernmidla og kunstgjødsel, korkje på miljøet eller på helsa vår.
- Det er ikkje lov å bruka genetisk modifiserte organismar (GMO) og produkt i økologisk produksjon.